

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-241  
**JournalpostID:**  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 08.09.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
042/20	Eldreråd	12.10.2020
046/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	12.10.2020

**Val av representantar til legat- og testamentstyre  
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Representantar til legat- og testamentstyre Alver kommune vert:

Frå eldrerådet:  
Medlem:  
Varamedlem:

Frå RMNF:  
Medlem:  
Varamedlem:

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 12.10.2020:**

**Behandling:**

Orientering til saka v/Helge Kvam-fagansvarleg Helse og omsorg  
Fellesframlegg:  
Representant Bente Orlen Westervik med varamedlem Jannicke Helland.  
Framlegget vart samrøystes vedteke.

**RMNF- 046/20 Vedtak:**

Frå RMNF:  
Medlem: Bente Orlen Westervik  
Varamedlem: Jannicke Helland

**Bakgrunn**

Eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne utsette saka i møta 31.08.2020  
ER – sak 26/20:  
Saka vert utsett. Rådet bed om avklaring på om Malvin Hylland sitt testamente er ein del av legat- og testamentstyret.

RMNF – sak 33/20:  
Rådet utset saka grunna manglande informasjon.

Utval for helse og omsorg gjorde fylgjande vedtak i sak 30/20 01.09.2020:

Representantar til legat- og testamentstyre frå utval for helse og omsorg er:

Medlemmar: Ståle Hauge-AP og Sølvi Knudsen-SP

Varamedlemmar: Roy Bø-FRP og Else Marie Dale-KRF

**Saksopplysninger:**

*Det vert vald ein representant med vara av og frå eldrerådet, ein representant med vara av og frå RMNF og to representantar med to vara av og frå utval for helse og omsorg.*

*Legat- og testamentstyret vart oppretta av Meland kommunestyre 28.10.92. Opprettinga vart gjort for å sikre forvaltning av testamenterte gåver og legatmidlar.*

*I utval for levekår sak 108/11 vart samansetting for styret med 4 faste medlemmar endra, og var for perioden 2011-2015 slik:*

*Medlem: 2 representantar frå politisk utval (ULK) og 2 representantar frå Eldreråd/råd for menneske med nedsett funksjonsevne (Felleusråd). Likeins var det val av tilsvarande tal varamedlemmar.*

*Leiar for Legat- og testamentstyret vert å avklare når styret vert konsituert. Arbeidsområde for Legat og testamentstyret er forvaltning av midlar i tråd med retningsliner/føremål for dei einskilde legat og testament. Generelt er legat og testamentmidlane sine føremål retta mot ulike velferdstiltak for brukarar/pasientar innan omsorgstenesta.*

Legat- og testamentstyre for tidlegare Meland kommune gjeld alle testament som var tilknytt målgruppa innan helse og omsorg i tidlegare Meland kommune.

Dette er:

- Malvin Hylland testamente
- Henrik Solhaug testamente
- Hilda og Normann Aronsen testamente